

Lista over høyringspartar i samband med dei 13 planlagde småkraftverka inneheld 24 namn, men det er ingen frå Uskedalen sjølv om 3 av prosjekta er her i bygda.

NVE har mellom anna sendt ut ein orientering til høyringspartane og opplysar at fylkeskommunen no kan gje løyve til kraftverk med installert effekt inntil 1 MV.

Men ingen av dei 3 verka i Uskedalen får så liten installasjon. Eikeelva Kraftverk vil få 2,3 MV.

Derimot får Auno Minikraftverk i Tveitelva 0,68 MV

Løyve til større kraftutbyggjingar vert gjeve av NVE eller Kongen i statsråd. Det gjeld til dømes både Tverrelva og Børsdalselva med 4,95 MV og 4,6 MV.

Informasjon om høyringa skal i følge NVE sendast kommunar, fylkesmenn, fylkeskommunar, statlege forvaltningsorgan og **intereressorganisasjonar som saka vedkjem** og høyringsperioden er minst 6 veker.

Dei som søkjer om utbyggjinga får høve til å kommentera fråsegnene som kjem inn før NVE har synfaring i området.

Kommunane bør gje grunnleggjande synspunkt på om planane bør gjennomførast - eventuelt val av alternativ. NVE ber kommunane om å informere om kjende allmenne interesser som tiltaket kan få følgjer for og eventuelle andre faktiske tilhøve som kan få innverknad på gjennomføringa. Her vert det tenkt til dømes på landskap, friluftsliv, fisk og vilt.

NVE ønskjer forslag til vilkår eller avbøtande tiltak som kan redusera eventuelle skader og venter at kommunen omtalar tilhøve til kommuneplanen og andre kommunale planar. Fylkesmannen bør for sin del leggja vekt på miljø, medrekna fisk og biologisk mangfald.

Eventuelle motsegn må fremjast i høyringsperioden.

Av Ola Matti Mathisen